

Vedr dispensasjon frå plankrav for bruksendring frå forsamlingshus til rusomsorg-gbrnr 129/6 Titland søndre.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alternativ 2:

Det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel punkt 1.1 for bruksendring av forsamlingshus og sovebrakke til rusomsorg/institusjon med heimel i plan –og bygningslova §19-2.

Rusomsorg Vest, Nappane, meiner at kommunen bør gi dispensasjon fordi fordelane ved dette er klart større enn ulempene.

Fordelane er blant anna at;

- *Bygningmassen med veg, vatn og kloakk er på plass.*

Vegen er kommunal, men vatnet og kloakken er privat.

Etter initiativ frå ei gruppe ble Nappane Mottak og Omsorgssenter danna i 2009, med offisiell start 11. april 2010. I dag er Nappane Mottak og Omsorgssenter blitt til Rusomsorg Vest, avdeling Nappane og avdeling Tafjord. Som ei kuriositet kan vi nemna at ordføreren i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes, var invitert og deltok på opningsfesta av Rusomsorg Vest i 2010.

Då det var aktuelt å starte opp Nappane Mottak og Omsorgssenter, tok dagleg leiar kontakt med Lindås kommune pr telefon for å spørje om det var i orden å starte opp igjen eit bo – omsorg og rehabiliteringssenter for rusmisbrukarar, eller om det måtte søkjast skriftleg om dette. Han fekk då til svar at det ikkje var nødvendig med skriftleg søknad sidan det hadde vore liknande drift der før.

Vi ser i ettertid at vi burde bedt om å få dette skriftleg, for det hadde spart oss for mykje ekstra arbeid og fordringar. Vedkommande, som daglig leiar den gongen snakk med i Lindås kommune, fordra dagleg leiar til å kalle inn til eit bygdemøte for å informere bygdefolket om planane initiativgruppa hadde for Hvilehjemmet Zoar sine lokale. Eit slikt informasjonsmøte ble avvikla, og bygdefolket var positive til oppstart av eit bo- omsorg og rehabiliteringssenter for rusmisbrukarar. Då Nappane Mottak og Omsorgssenter starta opp i 2009, leigde vi lokala til Hvilehjemmet Zoar, men hausten 2015 overtok Rusomsorg Vest, Nappane, bygningane.

I høve Lindås kommune sin kommuneplan for arealdel for 2011-2023 ligg Rusomsorg Vest, Nappane, gnr. bnr 129/6 i eit område som er avsett til institusjon.

Lindås kommune viser elles til i si vurdering av vår søknad at bygningane våre kan vera egna til institusjon for rusmisbrukarar, men må rustast opp innvendt som ein del av rammebetingelsane om vi får dispensasjon.

- *Arbeidarar med kompetanse er på plass.*

Rusomsorg Vest, Nappane, meiner vi stettar krava til helse-og sosialfagleg utdanning blant våre arbeidarar i høve til tal plasser ved vår institusjon. I vår anbudsrunde til Bergen kommune var vi innafor krava deira i høve dette. Vi har psykiatrisk sjukepleiar, allmenn utdanna sjukepleiar, sosionom, lærer/spesialpedagog og miljøterapeut

Psykiatrisk sykepleier: Ansatt i 19 % stilling, og jobber 21 % som frivillig, dvs vil si 40 %.

Allmennpraktiserende sykepleier: Frivillig arbeider i 40 % stilling.

Sosionom: Ansatt i 100 % stilling.

ART-trener /Spesialpedagog: Ansatt i 40 % stilling, jobber to dager i uken som kontorsjef og ART-trener.

Miljøterapeut: Ansatt i 100 % stilling.

Prest/sjelesørger: Frivillig ansatt i 20% stilling

Vi har dessutan arbeidarar med realkompetanse på den måten at dei sjølv har vore rusmisbrukarar, men lever i dag eit rusfritt liv, og er i stand til å forstå og til å hjelpe den som slit med å bli rusfri med alle dei fordingane det krev.

Vi kan òg ta med at Bergen kommune viste til at det faglege innhaldet i vårt tilbod låg over snittet i høve til det dei andre institusjonane bydde på.

- *Rusomsorg Vest byggjer på eit kristent, idealistisk, verdigrunnlag, og ikkje profitt.*

Rusomsorg Vest har eit eige styre som har eit overordna ansvar for drifta i Rusomsorg Vest, avdeling Nappane.

Styreleiar har jamleg kontakt og møter med daglig leiar. Dette er viktig med tanke på at daglig leiar står ansvarlig for drifta i høve styret.

Rusomsorg Vest brukar godkjent regnskapsbyrå og statsautorisert revisor. Dette er med å sikre kontroll og kvalitet av den økonomiske sida av drifta.

Vi meiner vi er eit godt og nødvendig alternativ innan rusomsorga. Vi er tilgjengelege og kan by rusmisbrukarar, plass og hjelp, dersom vi ikkje har fullt, når dei er motivert for dette.

Ein av grunnane som Lindås kommune grunngjev med kvifor vi ikkje bør få dispensasjon, er at vi bør vera med i ein planprosess. Planar er viktige og gode, gir forutsigbarhet og viser retning, men planane er for menneske, og menneske ikkje for planane. Ein planprosess vil ofte ta lang tid, og vi er redde for at mange rusmisbrukarar kan koma til å dø i ventetida.

Vi har, gjennom dei åra vi har eksistert, bygd opp eit nettverk og samarbeid med einskilde kommunar, einskildpersonar, kyrkjelydar, Rusakutten i Bergen, Rusmedisinsk avdeling i Bergen, fastlegane til den enkelte brukar, Sandviken sjukehus, Haukeland- og Haraldsplass sjukehus, ulike fengsel i høve §12 soning, DPS-avdelingar rundt om i landet, ulike ruskonsulentar og NAV-kontor, osv.

Vi veit at de som kommune skal handsame vår søknad som om det ikkje har vore drift tidligare på Nappane, men vi kan ikkje la vera å nemna desse tinga, for det har tatt tid å byggje opp dette nettverket og å etablera eit godt samarbeid med våre partnarar. Vi er blitt kjent innafor rusomsorga, og både offentlege kontor, pårørande og rusmisbrukarar tek kontakt med oss fordi dei ynskjer det vi har å tilby.

Vi kan òg nemna at sidan starten i 2009 har over 30 personar fått hjelp til å bli rusfrie og lever i dag eit samfunnsnyttig liv.

Fordelen med å gi oss dispensasjon frå plankravet vil vera at vi kan faktisk vera med å redda liv. Vår drift kan vera skilnad mellom liv og død. Vi meiner òg at vi er ressurssparande både i høve menneskelige, materielle, og økonomiske ressursar.

Mange av våre brukarar får ikkje økonomisk støtte frå sine NAV-kontor, dei må sjølv betale ein sum til oss om dei har, eller dei får vera hos oss gratis. Vi meiner at vi er med og sparer samfunnet for mange kroner. Det er vist til at storsamfunnet vil spara 1.000.000 million kr pr år pr rusmisbrukar som vert rusfri. Rundt kvar rusmisbrukar er det dessutan mellom 10 og 15 personar som vert råka av deira rusmisbruk.

- *Ulempene ved å ikkje gi Rusomsorg Vest, Nappane, dispensasjon frå plankrava er ma at;*

Mange rusmisbrukarar ikkje får hjelp i tide, og dør. Berre dette året, 2017, har 18 personar i Bergen dødd av overdose.

Rusomsorg Vest, Nappane, kan risikere og mista gode, ressurssterke arbeidrarar fordi ein planprosess vil ta lang tid, og ein lyt sjå seg om etter andre jobbar.

Rusomsorg Vest, Nappane, risikerer å mista nettverket og partnarar som det har tatt tid å byggja opp samarbeid med.

Slik vi ser det er, vurderer at fordelane med å gi Rusomsorg Vest, Nappane dispensasjon frå plankravet, er større enn ulempene. Samstundes ser vi at ulempene vi har skissert støtter fordelane.

Ved event dispensasjon skal det særleg leggjast vekt på helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen viser til at det ikkje er påvist at det er Rusomsorg Vest, Nappane, sitt avløpsanlegg som er forureiningskjelda i området.

Kommunen kan heller ikkje sjå at vårt tiltak kjem i konflikt med mangfaldlova.

Når det gjeld helse meiner vi at vi har forsvarleg drift i høve våre brukarar. Som nemnt tidlegare har vi kompetente helsefag arbeidrarar og vi tek våre brukarar si helse, fysisk, psykisk og åndelig, på alvor. Vi har som òg nemnt samarbeid med andre kompetente etatar som Rusmedisinsk avdeling, fastleggar, sjukehus osv. Vi hjelper våre brukarar som ynskjer det, å få kontakt med psykolog, spesialist helsetenesta, osv.

Då vi var med i anbudsrunden til Bergen kommune, utarbeidde vi nye og betre rutiner, reglar og retningslinjer for drifta vår. Vi hadde god hjelp frå ekstern HMS-konsulent då vi utarbeidde desse.

Det vart i kommunen si vurdering vist til at Rusomsorg Vest, Nappane, ligg for usentralt til. Det er ikkje uvanleg at rusomsorgsinstitusjonar ligg skjerma til. Dette vert gjort for å skjerma brukarane for dei freistingane det kan vera å ha lett tilgang til rusmidlar. Det vert òg gjort for å skjerma brukarane for å bli kjent att i nærområdet. Mange har nettverk over heile landet, og ynskjer å koma til ein mest mogleg skjerma og anonym plass, for ikkje bli kjent att.

Nappane ligg likevel ikkje lengre vekke frå tettstaden Knarvik enn ein halv time kjøretur, frå Bergen ein time. Dersom det er naud og ein har bruk for utrykkingskjøretøy, er det er mogleg å koma til Nappane både på land, på sjø og i luft.

Som ein parentes kan vi nemna at det i eit av breva frå naboen vår, vart vist til mange utrykkingar til Nappane den tida vi har vore her, og han meinte kommunen burde sjekka loggføringa vedr dette. Vi støttar han på det, om de ynskjer, sjekk kor mange utrykkingar det har vore den tida vi har drive Rusomsorg Vest, Nappane.

Kommunen viser til at det er mange i nærområdet som viser engasjement og har interesse av å ivareta sitt nærområde.

Vi ser at mange har skrive under på opprop mot vår søknad om bruksendring. Vi er likevel usikre på kor stort engasjementet eigentleg er, når ikkje ein av naboane våre, møtte opp då vi kalla inn til informasjonsmøte 19.april d.å. Vi kalla inn til informasjonsmøte fordi vi ynskte dialog og medverknad frå naboar og andre råka partar, slik ein planprosess legg vinn på .

Vi har i ettertid snakka med nokre av dei som har skrive under på merknaden til søknaden vår, og ein av desse sa han hadde skrive under på brevet fordi han trudde kloakken vår forureina, ein annan sa han ikkje hadde problem med oss; «og merka lite til oss.», den tredje hadde skrive under med tanke på «å førebyggja at noko skulle skje.» Charles Lilleskare, har uttalt til sikker, påliteleg kjelde, at han eigentleg ikkje har imot senteret, men at han er ute etter «å knusa Steinar», som er dagleg leiar. Dersom kommunen meiner at dette viser engasjement for å ta vare på sitt nærområde, finn vi det urovekkjande.

Vesentleg endring av bruksområde.

Kommunen peikar på i si vurdering av søknaden vår at ei bruksendring av bygningane frå Hvilehjemmet Zoar til institusjon for rusmisbrukarar er ei vesentleg og stor endring. Rusomsorg Vest, Nappane er ikkje enig i det. Det har alltid vore stor aktivitet og mykje folk på Hvilehjemmet Zoar. Her har ma vore arrangert bibelskular, leirar, stevner osv. Trøtte sjeler som har trengt ein pust i bakken, oppmuntring og motivasjon, har sokt tilflukt på Zoar, Nappane, og slik er det i dag òg. Mulig klientellet er litt annleis, men behova før og no er ganske like. Trøtte rusmisbrukarar treng oppmuntring, håp og motivasjon for å greie kome ut av sitt rusmisbruk. Kan forresten nemne at Zoar tyder «tilfluktstad.»

Vegen er därleg egna for mjuke trafikkantar.

I si vurdering av vår søknad viser kommunen til at vegen til Nappane er därleg egna for mjuke trafikkantar. Vi er undrande til at kommunen kan bruke dette som eit argument for å avslå vår søknad, då vegen vert rekna som god nok for utbygging av hyttefelt på over 80 hytter. I den tida hyttefeltet vart godkjent, var ikkje Lindås kommune villig til å gjera anna enn litt flikking på vegen.

Rusomsorg Vest, Nappane, kan vera einig i at vegen er smal og därleg egna for mjuke trafikkantar, men dette gjeld vel generelt for alle som soknar til Nappane, og våre brukarar er nok ikkje dei ivrigaste til å gå tur langs vegen.

Vonar med dette at plan- og miljøutvalet vil stetta vårt framlegg til vedtak, og vi vil samarbeidde med kommunen om rammevilkåra for vidare drift.

Nappane 29.mai 2017.

Ingunn Færø Valdersnes, Rusosmsorg Vest, Nappane
kontorleiar